

**Uskedelingen Mona Vetrhus startar tirsdag som ny programleiar for barneprogrammet Popcorn på Radio Norge.
Vetrhus skal dele jobben med Arne Martin Vistnes og Ronak Sliva Jønholdt.**

- Eg gledar meg veldig til å klatra i trær, hoppa i søledammar og snakka med ungar om alt frå fantasivener til Norway cup og gode bøker, seier Vetrhus.
 - Det virkar som ein morosam jobb der ein får styra mykje sjølv, og eg skal vera både programleiar, reporter og produsent, alt i eitt. Vetrhus har tidlegare jobba i blant anna barnetimen i NRK, og var i fjor med på å vinna andre plass i Prix Nordica, ein radiokonkurranse for Norden.
- Popcorn vert sendt kl. 19-20 frå måndag til og med torsdag, og laurdag og søndag er det morgonsending frå kl. 07-08. Popcorn er todelt, første halvdel er for dei frå 4-8 år, og andre halvdel for dei frå 8-12 år. Sendefrekvens i Kvinnherad er 101.80 og 102.50.